



Org. nr 986 214 208

Bontelabo 2

5003 Bergen

Bergen 15.10.2014

Høyringsuttale, forslag om oppheving av forskrift om fordeling og avgrensning av produksjonskapasitet i lakseoppdrettsnæringa

Salmon Group er verdas største nettverk av lokaleigde oppdrettsselskap. Med base i Bergen, yter vi service for våre 46 aksjonærar langs heile kysten, som til saman disponerer 113 konsesjonar for oppdrett av laks og aure, og produserer omlag 50 millionar smolt. Dette gjere oss til landets tredje største oppdrettsaktør, med rundt ein tidel av den totale produksjonen av laksefisk i Noreg.

Vårt standpunkt

Salmon Group meiner der ikkje ligge nokon retningslinjer eller ambisjonar i den varsla endringa som syner korleis ein skal halde oppe det tverrpolitiske målet om ei mangfaldig oppdrettsnæring. Det blir vist til «rammebetingelser for lønnsom drift», men der ligge ikkje inne føringar for korleis dette skal praktiserast. Det er ein stor veikskap med endringa slik ho føreligge.

Sjølv om forskrifta er svak slik ho står i dag, vil ei oppheving vere eit sterkt politisk signal. Dette bør avløyast av minst like sterke signal om korleis ein ynskjer strukturane i næringa dei komande tiåra. Argumentasjonen i høyringsnotatet går einsretta på å rydde av vegen hindringar for at store aktørar skal kunne vekse raskt. Der er ingen døme på at det gjeldande regelverket har vore eit hinder i så måte.

Salmon Group meiner det er feil fokus når ein peikar på vanskane med å eige og erverve oppdrettskapasitet. Det er rammevilkåra for å drive lakseoppdrett i Noreg i dag som er bøygen for mange lokaleigde selskap, fordi regelverket blir meir og meir handsydd for store konsern med eit stort nedslagsfelt for drifta. Økonomisk og teknologisk har mindre selskap ingen problem med å henge med på driftssida, men ein blir stadig meir diskvalifisert gjennom regelverk og rammene for produksjon.

Regulering av eigarskapen til oppdrettsnæringa

Frå dei første reguleringane av eigarskap i lakseoppdrettsnæringa og fram til dagens høyringsutkast, har ambisjonane snudd seg tvert rundt. I byrjinga var det fastlagt ved lov at berre folk som arbeidde ved anlegga kunne vere eigarar, og at kvar eigar berre kunne eige eitt løyve. I dag er ein komme dit at ein ynskjer at kapitalinteresser frå heile verda skal kunne erverve oppdrettsløyve i Noreg i eit mest mogleg effektivt tempo.

Dette skiftet har kome i stand gjennom ei rekke avgjerder som er tekne undervegs, avgjerder tekne av politikarar, finansinstitusjonar og personar som har valt å avslutte sitt eigarskap i lakseoppdrett. Den politiske tendensen har meir vore at ein har forsøkt å skaffe inntekter til det offentlege undervegs, enn at ein har set bremsene på for å sikre eit mangfaldig eigarskap.

Medan ein i mange år såg at økonomi var eit hindre for å halde på lokalt eigarskap i næringa, har det i dei siste åra vore eit merkbart skifte til at rammevilkåra har gjort det vanskelegare å halde drift og eigarskap på lokale hender. Og nettopp samanhengen mellom drift og eigarskap står sentralt for dei lokaleigde selskapa. Eigarane bur, arbeider, utviklar og betalar skatt i sine lokalsamfunn, dei er tilgjengelege og ansvarlege for sjølve drifta. Økonomisk er dei lokaleigde verksemdene generelt svært solide. Dei har på ingen måte vanskar med å oppretthalde ei forsvarleg drift.

Endringane i rammevilkår dei siste 5 åra er særprega av to forhold. Dei kjem tett, og dei favoriserer store aktørar. Denne favoriseringa kjem til sin rett både i det administrative omfanget ein del endringar får, og måten drifta krev stadig meir spreidd areal. Innføringa av soneforskrifter har kasta om på tradisjonell lokalitetsstruktur, og beslaglegger samla sett meir areal. Samstundes har ein til gode å sjå dokumentasjon på at det har hatt miljømessig, produktiv eller økonomisk positiv effekt.

Det store hinderet for eigarskap er ikkje for store verksemdar å kunne erverve meir, men for nye aktørar å kunne etablere seg. Etableringshindera er praktisk talt uoverstigelege for nye aktørar til næringa. Også for mindre, eksisterande aktørar er det vanskeleg å få tilgang til nytt volum, fordi ein vel tildelingskriteria som favoriserer store eingongebeløp, gebyr til det offentlege, framfor eit langsiktig perspektiv for verdiskaping langs kysten og skatteinngang frå eigarane.

Den føreslegne endringa seier i klartekst at ein ynskjer at næringa skal over på stadig færre hender, og at ein ser drift og eigarskap i lakseoppdrett som to heilt uavhengige forhold. Dette legg betre til rette for kapitalinteresser som ynskjer å investere i lakseoppdrett, men tek vekk grunnlaget for dei som ynskjer å drive lakseoppdrett i selskap dei sjølve har bygd opp.

Spreidd eigarskap som verdi

Lokalt eigarskap er viktig for lokalsamfunna, men og for storsamfunnet og næringa som heilskap er det viktig å halde oppe eit variert og spreidd eigarskap. Med det meiner ein at der bør eksistere både børsnoterte og private selskap, og aktørar med ulik storleik. Dette sikrar dynamikken i næringa og fordeling av skapte verdiar.

Utviklinga av næringa sin samfunnsverdi, skjer gjennom arbeid, innovasjon, forskning, marknadsarbeid og konkurranse. Alt dette krevje ei breidde av aktørar, helst i alle ledd. Ulike aktørar vil velje ulike strategiar, som i sin tur vil vise kva som er mest verd å satse på for

framtida. Ideen om at der er behov for større eigarskapskonsentrasjon, gjerne kalla «konsolidering», er skapt av eigarar som ynskjer å bli større. Dette kan vere positivt for eigarane, men ikkje for næringa si utvikling og samfunnet si nytte av ho.

Tendensen er at dei fleste bransjar går gjennom ei såkalla «heilintegrering», der flest mogleg ledd av produksjonen blir lagde inn under same eigar/konsern. Dette gjere at ein mistar mangfaldet både blant tilbydarar og brukarar av varer og tenester, ein minskar konkurransen og ein reduserer innovasjonen. I den europeiske foredlingsindustrien ser ein allereie ei stor einsretting, noko som bør vere til ettertanke for norske styresmakter.

Lokalsamfunna sitt eigarskap til næringa

Lakseoppdrettsnæringa har sidan pionerane satsa hus og heim, akkumulert store verdiar og gjeve grunnlag for store investeringar. Salmon Group meiner det er viktig at dei samfunna som stiller areal til disposisjon, og har arbeidsplassar knytte mot drifta av lakseproduksjonen, skal kunne ta del i dei tilstøytande effektane av ei veksande og produktiv næring. Då snakkar ein ikkje minst om skatteinntekter frå eigarane og tenesteytingar inn mot sektoren. Ei sentralisering til få nokre få hovudkontor, slakteri og smoltanlegg, vil utelukke ei rekke små og mellomstore lokalsamfunn frå dei verdiane næringa byggjer opp.

Dragkampen mellom stat, fylkeskommunar og kommunar om kven som skal erverve pengane frå tildelingsgebyra ved nytt volum, syner at der aldri vil bli «nok» midlar i utdelingane til at alle partar er nøgde. Det er heller ikkje grunn til å tru at andre typar særskattar vil gjere det enklare. Derimot er lokalt eigarskap ei sikker inntekt for alle dei ulike forvaltningsnivåa, så lenge der er god økonomi i næringa. Denne mekanismen kan ikkje og bør ikkje erstattast med særreglar og ekstra skattlegging.

Ved sidan av å stimulere aktivitet og skatteinngang til mange kommunar, har oppdrettsnæringa og vore ein viktig drivar for å byggje opp kapital i mange lokalsamfunn. Denne kapitalen har sikra utvikling og sysselsetjing, gjennom eiga næring og tilstøytande tenestetilbod, som til dømes turisme/overnatting, varehandel, skipsbygging, mekanisk industri og mange andre typar verksemdar.

Oppdrettsnæringa krev areal, og som ein «lånar» av kystareal er lokalt eigarskap ein del av næringa sin legitimitet. Ei næring som i sin heilskap er på hendene til fond og utanlandske eigarar vil venteleg ikkje bli oppfatta som ei kystnæring på linje med fiskeri. Modellen med hovudkontor i dei store byane vil heller ikkje verke som noka tilnærming for lokalsamfunna sine interesser.

Likebehandling av eigarar

Staten har valt å regulere havbruksnæringa strengt. Først regulerte ein kven som fekk lov å eige og kor mykje, seinare har fokus vore på kor mykje eigarane får lov til å produsere. Argumenta for dette har vore både marknadsmessige og miljømessige. I praksis stiller det seg slik at eit løyve til å produsere laks, er til ei kvar tid underlagt dei krav og omsyn som den sitjande regjeringa legg til grunn. Frekvensen av endringar syner at dette er eit svært varierende grunnlag å gjere investeringar ut frå. Både den sitjande og den førre regjeringa har på det mest hektiske varsla endringar i lovverket med 14 dagers mellomrom.

Det som er heilt essensielt med ei slikt skiftande regime, er at alle eigarar vert handsama likt. Det har ikkje vore regelen dei seinare åra. Dermed er det ikkje berre veksten som har vore uføreseieleg, men og driftskrava, og dermed retten til å produsere. I den føreslegne endringa av eigarskapsreguleringa er det sagt at aktørane sjølve i større grad skal kunne bestemme produksjon og foredling. Dette er ikkje reelt. I praksis er næringa si evne til å tilpasse seg så vel biologi som marknad, i stor grad avgrensa av ei rekke andre tilhøve. Dette spanner like frå soneforskrifter til EØS-avtalen og tollmurar for foredla produkt.

Oppsummering

Salmon Group meiner at ei oppheving av eigarskapsavgrensinga krev ein tydeleg strategi for korleis ein skal halde på eit mangfald i havbruksnæringa. Vi kan ikkje sjå at hindera har vore store for store eigarar som ynskjer å kjøpe seg større, derimot er det uoverstigelege hinder for nye som ynskjer å etablere seg. Der er og store utfordringar for mindre selskap som ynskjer å styrkje sitt driftsgrunnlag. Dette er problemstillingar som regjeringa burde jobbe med.

Likebehandling av eigarar av rettigheter bør og stå høgt på styresmaktene sin dagsorden. Dei strukturelle konsekvensane er altfor sjeldan ein del av arbeidet når ein føreslær endringar i lovverk og driftsstrukturar. Arealutvalet sitt arbeid er eit av fleire døme på dette.

Å halde oppe ei breidde av aktørar i ei stor næringa som havbruksnæringa, er eit sentralt element av verdiskapinga i samfunnet. Det tryggjer konkurranse, innovasjon og utvikling. Lokalt eigarskap sikrar aktivitet, busetnad og skatteinngangen til kommunar, fylke og stat.

Med eit bortfall av eigarskapsavgrensinga, er konkurranselova den einaste lova som kan sikre konkurranse i havbruksnæringa. Det er påkravd at regjeringa bringer klart fram kva denne lova konkret vil sikre av konkurranse i næringa, før ein tek vekk eigarskapsavgrensinga. Eigarskap og konkurranse bør vere ein del av bakteppet for havbruksmeldinga.

Øyvind Kråkås

Informasjonsansvarleg

Salmon Group AS

Tlf: 90 28 80 64

E-post: oyvind@salmongroup.no

www.salmongroup.no